

102 på deltakarlista under trimhelga 27.01.2008



Alina Hystad frå Bømlo gav instruksjon i alt frå ballett... (Foto: Ola Matti Mathisen)

Deltakarlista for trim- og dansehelga til turngruppa i Uskedalen kom til slutt til å innehalda 102 namn og det er sjølv sagt leiinga svært godt fornøgd med sjølv om nokon naturleg nok gjekk att i fleire "disiplinar". Så var da også programmet svært så allsidig – her var det sanneleg noko for alle.....

Uskedalen.no har tidlegare vore innom fredagsprogrammet med bosu og laurdagsprogrammet med aerobic funky moves og judo. Bosu hadde 12 deltakarar, aerobic 16 og judo 21.



...Og så er vi alle svaner..... (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sundag var det Alina Hystad frå Kulturskulen på Bømlo som hadde ansvaret for programmet. Det starta med danseleik for 12 av dei minste (frå tre til fem år), heldt fram med ballett for aldersgruppa 4 år/2. klasse med 12 deltakarar og slutta med breakdance/hip hop i tre aldersklassar og med tilsaman 30 deltakarar.

Den opprinneleg russiske instruktøren, som no har vore 13 år i Noreg, var ein flink pedagog og gjorde ein god jobb denne dagen.

Alle var tydelegvis nøgde med trim- og dansehelga som turngruppa skal ha all mulig ros for. Den underbygde Uskedalen sin posisjon som "den store trimbygda"!

Av Ola Matti Mathisen



.....til breakdance. (Foto: Ola Matti Mathisen)